


FANGST OG SKJELPRØVAR I ESPEDALSELVA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1988–2025 var 410 (snittvekt 4,1 kg). Før 1988 var det registrert små fangstar enkelte år, men det er ikkje kjent om dette er reelt eller skuldast manglande innrapportering (**figur 1**, stolpar). Frå ca. årtusenskiftet auka fangstane, og snittet for perioden 2000–2025 er 541 laks, med 2016 som toppår (924 laks). I 2025 vart det fanga 393 laks (snittvekt 4,2 kg), eit svakt resultatet, men ein klar auke i høve til 2024. Ni laksar vart sett ut att i elva (2 %).

Gjennomsnittleg fangst av sjøaure i perioden 1988–2009 var 127 fisk (snittvekt 1,0 kg). Fangstane avtok frå 2000 og utover, og frå 2010 har sjøauren vore freda. I 2025 vart 85 av 89 sjøaure sett ut att (96 %).

Utviklinga i sjøaurefangstane i Espedalselva frå midt på 1990-talet stemmer godt over eins med det ein har sett for resten av fylket (**figur 1**, linje). Det er ikkje tilfelle i same grad for laks, fleire av åra avvik laksefangstane markert frå trenden i fylket elles. Fangstane av laks i 2015–2017 var relativt sett klart betre enn snittet for resten av fylket, medan reduksjonen frå 2017 til 2018 var meir markert. Mellomårsvariasjonen i perioden 2017–2024 er likevel mykje den same som i resten av fylket.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Espedalselva i perioden 1978–2025 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3–7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland (utanom Espedalselva). Sjøauren er freda frå 2010. **NB!** Figuren inkluderer gjenutsett fisk.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 er det analysert skjelpørvar av 4466 laks og 33 sjøaure frå Espedalselva (**figur 2**). Dei siste sju åra har det kome inn mange skjelpørvar, i 2025 mottok me prørvar av 327 laks, som er 85 % av avliva fangst. To av laksane viste seg å vera sjøaure.

Innslaget av rømt oppdrettslaks har vore stabilt lågt etter 2011, andelen har vore under 1 % alle år. I 2025 var det berre villaks i skjelmaterialet.



FIGUR 2. Antal skjelpørvar frå Espedalselva (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje). Andel rømt laks er ikkje vist for år med færre enn 20 prørvar.

